

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 25. sept. 2020

Stad: Gol kommune, kommunestyresalen

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Petter Owesen,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Herbrand Jegleim,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud,	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Karsten Dideriksen,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Ola Frogner,	Hemsedal kommune
Henrik Skovly,	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Iselin Haugo, pol.
Magnus Weggesrud, pol.
Kjersti Bærug Hulbak, adm.

Fylkesrådsleiar Tonje Brenna – forfall.

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

SAK 43/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28.8.2020**Vedtak:**

Protokollen 28.8.2020 er godkjent.

SAK 44/20 ORIENTERING OM «UNGINVEST» OG TOPPIDRETTREGION HALLINGDAL

Arnstein Sørbøen - rektor ved Ål vidaregående skule, orienterte om toppidrett og yrkesfag ved Ål vgs, Hallingdal. Ingebjørg Mæland og Trine Olsvik Løken m.fl. orienterte om status for Ung Invest Hallingdal.

SAK 45/20 HØYRINGSUTTALE REGIONAL PLANSTRATEGI**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal sender følgjande høyringsuttale til Regional Planstrategi for Viken fylkeskommune. Høyringsfrist er i dag 25. sept 2020.

Mål og innsatsområde:

Regionrådet for Hallingdal ser på høyringsforslag til regional planstrategi «Vegen til eit berekraftig Viken», som eit godt grunnlag for arbeidet med Vikensamfunnet sine utfordringar og mogelegeheter, på eit overordna nivå. Regionrådet for Hallingdal meiner likevel at planstrategien må ha ein tydlegare distriktsprofil slik at det i større grad samsvarar med våre utfordringar. Me vil i det etterfølgjande peike på nokre sentrale moment som blir vurdert som viktige for Hallingdal, i ei regional utvikling:

1. Regional planstrategi skal famne heile fylke. Det er svært viktig at Viken, med sitt store mangfold, utarbeider mål, strategiar og planar som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Viken står overfor. Døme: Berekraftsmåla og dei ambisiøse klimatiltaka som følgjer av desse, er i stor grad retta mot sentrale strok. Regionrådet i Hallingdal meiner at ein for å nå måla om utsleppsreduksjon, må arbeide konkret med lokale og nasjonale tiltak i distrikts-Noreg, slik at heile landet kan bidra i klimadugnaden.
2. Ei av hovudutfordringane for distrikta/Hallingdal er nedgang i folketal og eit for einsidig næringsliv. Sjølv om bustadattraktiviteten er høg, kan arbeidsplass-attraktiviteten vera låg. Dette har m.a. samanheng med liten variasjon i næringslivet, små fagmiljø og for låg del arbeidsplassar med krav til høgare utdanning. Regionrådet for Hallingdal vil her peike på noko av hovudkonklusjonen i NOU 2011:3 «Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet»: «*Utvalget mener at en jevnere geografisk fordeling av veksten i kompetansearbeidsplasser kan gi samfunnsøkonomisk gevinst ved økt ressursutnyttelse og høyere verdiskaping*». I ein eventuell regional plan for «Kompetanse og verdiskaping» bør dette vera tema.
3. For Hallingdal det avgjerande å ha gode vidaregående utdanningsstilbod, slik som det er i dag, både for å gje elevane eit så godt tilbod som mogeleg, men også for å vera attraktiv som bustad for barnefamiliar. Relativt sett er gode tilbod innan vidaregåande utdanning kanskje viktigare for regionar som Hallingdal, der det er svært avgrensa tilbod utover vidaregåande skule, enn for meir bynære områder. For å sikre tilgangen til kompetent arbeidskraft for næringslivet i distrikta, er det behov for eit fleksibelt etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universitet, høgskule og fag-

skulane, som møter det lokale og regionale næringslivet sine behov. Norsk reiselivsfagskole på Geilo er eit godt døme på eit utdanningstilbod tilpassa næringslivet, sentralt i forhold til næringa. UngInvest er eit anna døme på opplæringstilbod som me ha stor nytte av, og som me ønskjer å sikre ei vidareføring av. Regionrådet for Hallingdal ber om at Viken fylkeskommune held fram satsinga på utdanningstilbod i Hallingdal.

4. I pkt. 4.3 «Samarbeid på tvers av fylkesgrenser» er det spesielt framheva: «*Det vurderes et tett samarbeid med regioner og fylker som grenser til indre og ytre Oslofjord for å følge opp regjeringens helhetlige plan for Oslofjorden.*» Regionrådet for Hallingdal vil her peike på at Viken også må tenkje på det viktige samarbeid me har med Vestland, spesielt når det gjeld samferdsel og reiseliv. Samarbeid om Bergensbanen og hovudvegar aust - vest må tydeleggjera og forsterkast. Desse heilt sentrale kommunikasjonsårene stoppar ikkje ved vasskilje.
5. Viken skal serve eit fylke med store forskjellar, ulike mogelegheiter, men med eit betydeleg vekstpotensial. Det er heilt sentralt at Viken legg til rette for vekst i alle delar av fylke. Det å finne fram til kva rammer som gjev dei beste føresetnadane for tenesteproduksjon tilpassa bynære strok og distrikta vil krev særeigen kunnskap. Ein føresetnad for regionreforma er nettopp å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle delar av landet, ut frå regionale fortrinn, føresetnadar og prioriteringar. Regionreforma sin ambisjon om å forsterke fylkeskommunen sin rolle som samfunnsutviklar vil måtte utfordre på organisering og løysingar. Ei oppskalering utan å tenkje nytt vil vera lite framtidssretta og fornyande. Regionrådet i Hallingdal meiner at om ein ønskjer levande lokalsamfunn i heile Viken, treng me ein eigen regional distrikts- eller «fjellpolitikk».

Planbehov

Regionrådet i Hallingdal meiner at forslag til regionale planar er i tråd med skisserte utfordringar

SAK 46/20 ARBEIDSDOKUMENT STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL – UTKAST

Vedtak:

1. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide eit utkast til strategisk plan basert på innspel frå Hallingting og Regionråd til møte i Hallingting 29.-30.okt.
2. Ordførarar og rådmenn inviterer dagleg leiar til sin kommune for presentasjon av regionrådsarbeid og arbeid med strategisk plan, slik at prosessen kan starte ute i kommunane.

SAK 47/20 HEILHEITLEG INNOVASJONSPROGRAM I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar planlegge ein «innovasjonslab» for Regionrådet, med varigheit inntil 4 timer.

SAK 48/20 FELLES VETERANPLAN FOR HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet vedtek veteranplan for Hallingdal og rår kommunane til å løyve kr. 15000 pr. kommune. Dagleg leiar blir bedt om å rette opp planen i tråd med innspel frå forsvaret og offentleggjera planen på kommunane sine heimesider, når den er klar.

SAK 49/20 GJENNOMGANG AV AVTALE IMA.

Geir Strømmen og Karsten Dideriksen gjekk gjennom “Avtale om oppretting og drift av intermediære sengeplassar ved Hallingdal sjukestugu”

Vedtak:

Regionrådet viser til pkt. 7 i avtala og ber dagleg leiar utarbeide nye alternative forslag til avtale som ivaretok felles regionalt ansvar og kostnadsrisiko

SAK 50/20 FORSTUDIE UTVIKLING NORTURA GOL NORTURA**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å setja i gang ei forstudie/mogelegheitsstudie, i eit arbeid for å utvikle Nortura sitt anlegg på Gol.
 - 2. Kostnadane er rekna til i storleik kr. 120.000, der det blir føreslege til finansiering:
 - Regionrådet for Hallingdal kr. 40.000
 - Gol kommune kr. 40.000
 - Viken fylkeskommune, kr. 40 000. (Tidligare regionale utviklingsmidlar øyremerka Hallingdal)
 - Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til arbeidet frå potten Strategisk plan for Hallingdal.
 - 3. Dagleg leiar får i oppdrag å:
 - Avklare mogeleg finansiering frå Gol kommune og Viken fylkeskommune.
 - Engasjere fagpersonar til å utføre fagleg del av forstudie
 - Etablere ei egna ressursgruppe
 - Nødvendig oppfølging slik at forstudie er gjennomført i løpet av november 2020.
 - 4. Saka blir unntatt off. med heimel i off. lova §15, 2.ledd, fram til 27.nov.

SAK 51/20 ÅRSBUDSJETT FOR 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024.**Vedtak:**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2021, med ei kommunal finansiering på kr. 2.100.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2021, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 687 289,81 for 2021 og at ein går attende vedtak på kr.800.000 frå og med budsjettåret 2022.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
5. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
6. Hallingtinget rår til at finansiering av «Ungt Entreprenørskap» kr. 300 000, blir lagt til regionrådet. Dette vil, om det bli vedtatt, føre ein auka i kommunale tilskot
7. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2021 – 2024.

SAK 52/20 EVENTUELTT**Nattstenging av Lærdalstunnelen – kva betyr dette for Hallingdal?**

Lærdalstunnellen skal haldast nattestengt i 4 år. Dagleg leiar tek kontakt med Statens vegvesen for å be om eit møte for å finne ut korleis dette vil påverke Hallingdal og kva løysingsalternativ som kan vera aktuelle.

Desentralisert sjukepleieutdanning i Hallingdal.

Karsten informerte om at USN skal starte opp desentralisert sjukepleieutdanning med 25 studieplassar med hausten 2022. Styrerepresentant frå Hallingdal blir Borhild Ulshagen, kommunalsjef i Ål eller Iselin Haugo, dagleg leiar i Hallinghelse. Regionrådet blir informert fortløpende.

Forliksråd.

Saka om forliksråd blir sendt tilbake til rådmannsutvalet, som utarbeider ei revidert sak til dei kommunestyra som ynskjer å bli med i Hallingdal forliksråd. Saka må opp i oktober, med to valte representantar frå kvar kommune og ein møtefullmektig.

TV – aksjonen

Solveig utfordra dei andre kommunane til ein digital kommunekamp der målet er å samle inn mest mogeleg til aksjonen.

Hallingting okt. 2020 – saker og gjennomføring

Det blir 2 dagars Hallingting 29 – 30 okt. 2020

Kor det skal gjennomførast er førebels ikkje avgjort

Me drøfta aktuelle saker

Hallingtreff

Me planlegg eit Hallingtreff i Oslo 2. desember kl 1630-1930.

Det kan vera aktuelt for nokre av ordførarane.

Defa

Knut Arne informerte kort om Defa. Det vil bli sendt søknad frå regionrådet på Covid 19 midlar frå kvar kommune.

Sponsormidlar Hallingdal kraftnett:

Eigarrepresentantane ber dagleg leiar i regionrådet om å sende eit brev til styret i Hallingdal kraftnett, der me ber styret om å auke potten til disponibile sponsormidlar frå kr 200 000 til kr 400 000 i samband med budsjettahandsaming i selskapet for 2021.

Orienteringar frå fylkesråd for samferdsel, Olav Skinnes (på telefon):

- Tildeling breibandmidlar VFK
- Tildeling einerettar drosjar i Hallingdal
- NTP – møte Hareide 20.aug.
- Møte mellom Vestland og Viken i nær framtid.

Hallingdal 29. september 2020

Jan Olav Helling
Dagleg leiar